

MØTEBOK EKSTRAORDINÆRT REPRESENTANTSKAPSMØTE 5. JUNI 2025 SUNNMØRE FRILUFTSRÅD (KO)

Som varsla i ordinært representantskapsmøte 2. april 2025, vert de innkalla til ekstraordinært møte for å endeleg godkjenne rekneskap 2024 og årsmelding/årsberetning 2024.

Møtet vart halde digitalt torsdag 5. juni 2025 kl. 16.00 til 16.40.

Innkalling med saksliste til ekstraordinært representantskapsmøte var sendt på e-post 9. mai 2025. Vedlegga til sakslista var lagt ut i digital lenke. Innkallinga er i samsvar med samarbeidsavtalen § 6:

«Ekstraordinært representantskapsmøte kan innkallast med minst tre vekers skrifteleg varsel etter vedtak i styret (...). Sakslista skal leggst ved innkallinga. Ekstraordinært representantskapsmøte kan berre handsame dei sakene som er nemnde i innkallinga, og er vedtaksført med dei frammøtte representantane. For vedtak gjeld dei same reglane som i det ordinære representantskapsmøtet.»

Desse møtte på representantskapsmøtet

Kvar deltakarkommune har valt to representantar med vara for kommunevalperioden. Desse møtte:

- Elin Tafjord Skorge (Fjord)
- Vebjørn Krogsæter (Haram)
- Bernt Brandal (Hareid)
- Hanne Roaldsnes (Giske)
- Kåre Sæter (Giske)
- Dag Vaagen (Sande)
- Camilla Auflem Vik (Sande)
- Antonina Kolodziejczyk (Stranda)
- Bjørn Inge Drabløs (Sykkylven)
- Birgitte Otterlei Sandnes (Sula)
- Mariette Elise Gjerde (Ulstein)
- Sølvi Dimmen (Volda)
- Jan Erik Stokland (Volda)
- Siri Dahl Masdal (Ørsta)
- Gunnar Knutsen (Ørsta)

15 av totalt 30 utsendingar møtte. Fire kommunar møtte fulltallig (Giske, Sande, Volda, Ørsta), sju møtte med ei utsending (Fjord, Haram, Hareid, Stranda, Sykkylven, Sula, Ulstein), fire kommunar hadde forfall (Herøy, Vanylven, Vestnes, Ålesund).

Fem styremedlemmar deltok: Eva Hove - leiar (Fjord), Berit Sandvik Skeide - nestleiar (Ulstein), Thomas Roset (Stranda), Thea Elise Vestre Aasen (Ålesund) og Annlaug Stokke (Volda).
Frå staben: Anne B. Emblem og Hans Edvard Pilskog (avtroppande og påtroppande dagleg leiar).



Saksliste:

- Sak 11/25: Godkjenning av innkalling og saksliste
Sak 12/25: Val av ordstyrar og sekretær, og to til å skrive under møteboka
Sak 13/25: Årsrekneskap 2024 - ny behandling/endeleg godkjenning
Sak 14/25: Årsmelding 2024 (beretning) - ny behandling/endeleg godkjenning

Vedlegg til sakslista:

- Uavhengig revisor MR Revisjon SA beretning 2024
- Årsrekneskap 2024 satt opp etter kommunal rekneskapsskikk
- Årsmelding 2024 (beretning)
- [Samarbeidsavtalen mellom dei 15 kommunane i det kommunale oppgåvefellesskapet](#)
- [Møtebok frå det ordinære representantskapsmøtet 2. april 2025](#)

SFR sak 11/25: Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak: *Representantskapet godkjenner innkallinga og sakslista for ekstraordinært representantskapsmøte 5. juni 2025.*

SFR sak 12/25: Val av ordstyrar og sekretær, og to personar til å skrive under møteboka

Samrøystes vedtak:

1. *Representantskapet vel Eva Hove som ordstyrar og Anne Berit S. Emblem som sekretær*
2. *Representantskapet vel Vebjørn Krogsæter (Haram) og Dag Vaagan (Sande) til å skrive under møteboka.*

SFR sak 13/25: Årsrekneskap 2024 - ny behandling/endeleg godkjenning

Representantskapsmøtet 2. april 2025 handsama rekneskap ført etter rekneskapslova og fatta følgande vedtak: «*Representantskapsmøtet godkjenner førebels rekneskapen for 2024. Når revisorgodkjenninga føreligg, vert representantskapet innkalla til nytt digitalt møte for endeleg godkjenning innan 2025.*» Kommunalt oppgåvefellesskap har ikkje lenger høve til å føre rekneskap etter rekneskapslova, men skal nytte kommunal rekneskapsskikk etter økonomiforskrifta for kommunar. Rekneskapsoppsettet er no omarbeidd og er godkjend av revisor.

Årsoppgjeret viser ein omsetnad i 2024 på 17,68 mill. kr (2023: 18,15 mill.). Samla utgifter i 2024 er på 17,17 mill. kr (2023: 18,1 mill.) Årsresultatet i 2024 er på 0,67 mill. kr (2023: 0,14 mill.) Kontingenten frå dei 15 deltakarkommunane i 2024 er på totalt 3,27 mill. kr (2023: 3,2 mill.) og utgjør 18 prosent av samla inntekter. Øvrige 82 prosent av inntektene er i all hovudsak omsøkte og innvilga prosjektmidlar. I 2024 er samla lønnsutgifter vel 8,7 mill. kr (2023: 8,4 mill.) Varekostnader er 3,3 mill. kr i 2024 (2023: 4,1 mill.). Andre driftskostnader er 5,1 mill. kr i 2024 (2023: 5,1 mill.) Tala i saka er runda av til næraste desimal.

Samrøystes vedtak:

Representantskapsmøtet godkjenner årsrekneskap Sunnmøre friluftsråd for 2024.

SFR sak 14/25: Årsmelding 2024 (beretning) - ny behandling/endeleg godkjenning

Jf. samarbeidsavtalen § 5 pkt. 4 skal årsmeldinga gjere greie for gjennomføringa av fjorårets arbeidsplan og oppfylle krava til rapportering frå deltakarkommunane. Årsrapporten 2024 vart godkjend på representantskapsmøtet 2. april 2025. Den godkjende årsrapporten 2024 er no tilført nødvendige opplysningar for å stette formalkrava i kommunelova § 14-7 om beretning (side 52-55).

Samrøystes vedtak:

Representantskapsmøtet godkjenner årsrapport Sunnmøre friluftsråd for 2024.

Orientering

I representantskapsmøtet 2. april 2025 vart det spurt om framtidige pensjonskostnader/langsiktige pensjonsplikter og prosjektfinansiering for Sunnmøre friluftsråd. Representantskapet fekk ei nærare orientering om dette på slutten av møtet.

Møteslutt 16.40.

Referent Anne Berit S. Emblem

Signering (digital signering i Visma Sign):

Vebjørn Krogsæter

Dag Vaagen

This documents contains 3 pages before this page

Dokumentet inneholder 3 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 3 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 3 sider før denne side

Detta dokument innehåller 3 sidor före denna sida

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmitteckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende